



HJELMELAND  
KOMMUNE

# NÆRINGSSTRATEGI

## ARBEID OG ATTRAKTIVITET Hjelmeland Naturlegvis!



*Foto: Tytlandsvik Aqua*

**2022 - 2032**



## Innhald

Innleiing.....	3
Næringsstrategi for Hjelmeland 2022 - 2033.....	4
Mål.....	5
Satsingsområde i næringsstrategien .....	5
Vekst og nyskaping med utgangspunkt i eksisterande næringsliv.....	5
Reiseliv og opplevingar .....	5
Berekraft.....	5
Levande og framtidsetta bygder.....	5
Strategiar og tiltak .....	6
Kommunen skal vera ein tilretteleggjar.....	6
Kommunen skal vera ein initiativtakar.....	7
Kommunen skal vera ein samarbeidspartnar.....	7
Kommunen skal vera ein samordnar.....	8



Foto: Eiane gard

## Innleiing

Hovudarbeidet i kommunen si planlegging er kommuneplan. Gjeldande kommuneplan blei vedteken i 2019 - Kommuneplan for Hjelmeland 2019 -2031 – «Hjelmeland Naturlegvis!».

Kommuneplanen dannar grunnlaget for all anna planlegging, og etterfølgjande planar og strategiar skal bygga oppunder det som er vedteke i kommuneplanen. Dette gjeld også når kommunen skal vedta ein eigen næringsstrategi.

Hovudmålet i kommuneplanen er:

### **Jobb og attraktivitet.**

**Å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.**

Næringsstrategien må altså vera ein del av oppskrifta på vegen mot dette målet.

### Føringar i kommunale og regionale planar:

#### *Kommuneplanen:*

Kommuneplanen peikar på eit naturbasert næringsliv, og at ein skal driva næringsutvikling med basis i eksisterande næringar.

Reiseliv skal vektleggjast. Ein skal også ta omsyn til dei mulighetene som opninga av Ryfast gir. Det såkalla «grøne skifte» skal også tas omsyn til i næringsarbeidet.

Eit auka samarbeid mellom næringsliv, frivillige og kommunen, og lokalsamfunnsutvikling er også satsingsområde i kommuneplanen. Lokal handel og kopling mellom kultursatsing og næringsutvikling er peika på som aktuelle tiltak.

#### *Kommunal planstrategi:*

I starten av denne valperioden har kommunestyret I tillegg vedteke ein planstrategi, som seier noko om kva type planarbeid som skal prioriterast I perioden. Arbeid med næringsstrategi er prioritert, og det er også her gitt føringar for arbeidet:

*« Om strategisk næringsplan: Planen skal ta for seg opparbeiding og utnytting av gjenverande næringsareal i Hjelmeland, samt peike på nye aktuelle næringsområder som skal inn i ny kommuneplan når denne vert revidert. Det skal også vurderast uutnyttta areal som allereie er solgt til næringsaktører. Planen skal vidare ta for seg næringslivet sine behov, og det skal arbeidast med nye muligheter. Spesielt skal muligheter innan hydrogen som drivstoff arbeidast vidare med. Herunder er lokalisering av produksjon og distribusjon viktige punkt.*

*Planen skal også ta for seg korleis næringslivet vert råka av koronakrisa, og korleis kommunen kan bidra til at ettervirkningene vært redusert for dei som vert råka.»*

#### *Regional nærings- og innovasjonsstrategi:*

Rogaland fylkeskommune er ein viktig premissleverandør og samarbeidspartnar. Fylkeskommunen har vedtatt ein ny nærings- og innovasjonsstrategi, som peikar retning for næringsarbeidet på regionalt nivå, og som signaliserer kva innsatsområde som skal prioriterast når det gjeld økonomisk støtte til utviklingstiltak.

### Samarbeid om næringsarbeid:

Kommunen samarbeidar regionalt om tilrettelegging for næringslivet med fleire, mellom anna med Ryfylke IKS, Reisemål Ryfylke, Bedriftsutvikling i Ytre Ryfylke og Suldal Vekst.

Kommunen deltek også i det regionale nærings samarbeidet som blir organisert av Rogaland fylkeskommune.

Tidlegare medlemskommunar i Greater Stavanger har også eit samarbeid om næringsarbeid på prosjektbasis, men der kommunane for halda kvarande gjensidig orienterte har 3-4 samlingar i året.




Foto: Gjil Maskin

## Næringsstrategi for Hjelmeland 2022 - 2033

Strategien skal beskriva korleis me skal arbeida for å skapa fleire arbeidsplassar og bli meir attraktive.

### Mål

#### **Målet er:**

- **fleire og meir varierte arbeidsplassar**
- **eit framtidsretta og berekraftig næringsliv**
- **å utnytta næringspotensialet i folket, natur, kultur og stadidentitet**
- **å auke folketalet i løpet av planperioden til 2800.**

### Satsingsområde i næringsstrategien

#### Vekst og nyskaping med utgangspunkt i eksisterande næringsliv

Det er mykje lettare å skapa nye arbeidsplassar frå eksisterande næringsliv, enn å skapa heilt nye. Kommunen har rike naturressursar som danner grunnlaget for dei dominerande næringane landbruk og havbruk. Også bergverk( uttak av stein, sand og grus) er ei stadtypisk næring. Desse næringane i saman med heile underskogen av service- og handelsnæringar vil vera eit godt utgangspunkt for vidare vekst, for knoppskyting og innovasjon.

#### Reiseliv og opplevingar

Reiselivsnæringa er ei vekstnæring som det blir satsa både nasjonalt og regionalt. Hjelmeland har naturlegvis kvalitetar som gjer at me også kan ta vår del av veksten. Me har både vakker og storslått natur, eit levande matproduserande kulturlandskap, me er rike på kultur og kulturminne, gilde folk og ein eigen identitet. Kommunen har arbeidd målretta for å utvikla Hjelmeland sentrum, og gjera dette til eit levande og attraktivt bygdesenter. Målet er å vidareutvikla dette arbeidet til også å gjelde dei andre bygdesentra. Alt dette kan danna grunnlag for ei vidare vekst i reiselivs- og opplevingsnæringa.

#### Berekraft

All utvikling må vera berekraftig. Dette gjeld også for næringsutvikling. Fokuset på bærekraft har heldigvis auka dei seinare åra, og FN sine berekraftsmål blir tatt med i samband med plan- og utviklingsarbeid på alle plan – internasjonalt, nasjonalt, regionalt og på lokalt nivå. For at næringar skal vera robuste og konkurransedyktige må berekraft vera på dagsorden.

#### Levande og framtidsretta bygder

Levande og framtidsretta bygder set innbyggjarane i sentrum, og tek i bruk ny teknologi, innovative metodar, samarbeid og samskaping for å bli meir berekraftige, attraktive, produktive og tilpassingsdyktige.

I slike levande og framtidsretta bygder kan lokalsamfunnet vera med å dra næringslivet i ein retning mot auka digitalisering, innovasjon og meir tverrfagleg samarbeid.

Med eit fokus på smarte løysingar i bygdene kan kommunen bli meir framtidsretta og meir attraktiv, både som arbeidsplass og buplass.

## Strategiar og tiltak

Kommunen skal vera ein tilretteleggjar.

Leggje til rette for naudsynt infrastruktur

- Jobba for gode vegar – i kommunen og ut/inn av kommunen
- Jobba for ei framtidretta elforsyning. Følgje opp utbygging av ny 132 kV-linje til Hjelmeland, med arbeid for utbygging av lokalt nett, og arbeide for ei ny tilførselslinje til Hjelmeland for auka forsyningsikkerheit.
- Jobba for tilfredsstillande mobildekning til alle næringsdrivande
- Jobba for fiberdekning eller tilsvarande til heile kommunen innan 2025.
- Jobba for at det skal vera tilstrekkeleg tilgang til kai ved dei sjønære industriområda.
- Lage heilskaplege løysingar for skilting og informasjon.
- Legge til rette og tydleg merke/skilte til utkikkspunkt/attraksjonar langs riksveg 13.
- Tilrettelegging av fleire toalett som er offentleg tilgjengelege i turistsesongen
- Tilrettelegging for kollektivtrafikk og andre mobilitetsløysingar.

Sikra tilgjengeleg næringsareal

- Gjennom arealplanlegging og forvaltning skal ein ta vare på matjorda som grunnlag for matproduksjonen.
- Bidra til ei god forvaltning av dei produktive skogareala
- Kommunen skal leggje til rette for å utnytte handlingsrommet som er gitt for utnytting av dei totale ressursane på eit gardsbruk (jf. rettleiaren «Garden som ressurs»).
- Utarbeide ein eigen plan for byggeråstoff
- Leggje til rette næringsareal, både land og i sjøen, gjennom kommuneplan og reguleringsplanar.
- Opparbeide og legge til rette næringsareal på kommunal eigedom.
- Prioritera detaljregulering av område avsett til sentrumsutvikling
- Utarbeide plan for friluftslivet sine ferdselsårer, som eit viktig grunnlag for reiselivsnæringa.
- Halda fram arbeidet med etablering av kommunal industrikai i Årdal, og etablering av ei ordning for bestilling av kaiplass og innkreving av kaileige for kommunale kaiar.

Setje av administrative ressursar til arbeid med nærings saker, inkludert landbruksforvaltning og reiseliv, og til å syta for ei rask og effektiv saksbehandling av arealplanlegging og byggesaker..

Kommunen skal leggja til rette for digitalisering hjå næringslivet.

Tilby norskopplæring til framandspråklege for å letta rekruttering til næringslivet.

Kommunen skal leggje til rette for felles informasjon om, og marknadsføring av Hjelmeland som reisemål, og ta initiativ til og bidra til auka samarbeid med og mellom reiselivs- og opplevingsbedriftene.

## Kommunen skal vera ein initiativtakar

Kommunen skal initiere prosessar for regulering og opparbeiding av nye næringsareal som er vedtatt i kommuneplan.

Kommunen skal i samband med innkjøp og investeringar, vurderer om ein kan gjera avtalar som legg til rette for berekraft og innovasjon i næringslivet.

Kommunen skal vera pådrivar for utbygging av grøn infrastruktur (hydrogen, ladestasjonar mv)

Kommunen skal vera ein pådrivar for smartløyisingar og kompetanseutvikling innafor dette feltet.

Kommunen skal tenkje sirkeløkonomi i arealplanlegginga, og ta omsyn til at næringar som kan samarbeide om bruk/gjenbruk av ressursar kan lokaliseras i same område.

Kommunen skal ta initiativ til å utvikle tur/opplevingsløyper som tek omsyn til både lokale behov og reiselivsbehov.

## Kommunen skal vera ein samarbeidspartnar

Kommunen skal samarbeida med aktørane i eksisterande næringsområde for å skapa attraktive område med god infrastruktur og god utnytting av areala, til dømes gjennom tomteselskap.

Kommune skal ta aktivt del i digitaliseringsprosessar for å forenkla og effektivisera saksbehandling og kontakt mot kommunen. Dette skal bidra til at kommunen blir meir attraktiv og tilgjengeleg for næringsliv og innbyggjarar.

Kommunen skal samarbeid med bedriftene om grøn kompetanse og sertifisering.

Saman med næringslivet skal kommunen gjera tilgjengeleg og marknadsføra næringsareal i kommunen.

Kommunen skal regelmessige kontaktmøte med næringslivet sine interesseorganisasjonar.

Kommunen skal samarbeida aktivt med dei andre kommunane i Ryfylke blant anna gjennom deltaking i Ryfylke IKS, Reisemål Ryfylke, Bedriftsutvikling i Ytre Ryfylke, Ryfylkealliansen og eventuelt andre prosjektbaserte tiltak.

Kommunen skal delta i interkommunale og regionale næringssamarbeid innafor reiseliv, blant anna

- halde fram samarbeidet om «Expedition Ryfylke» - ekspedisjonsskip til Ryfylke.
- støtta opp om ei vidare satsing på vertskapskultur i samarbeid med næringslivet, Reisemål Ryfylke og Ryfylkealliansen.

Kommunen skal leggja til rette for gode samarbeid mellom det offentlege, privat næringsliv og frivillig arbeid.

- Samarbeid for å utnytte marknadspotensialet knytt til at RV13 gjennom Ryfylke er Nasjonal turistveg.
- Leggja til rette for at hyttegjester og andre gjester kan vera aktive deltakara på det som skjer i lokalsamfunnet og nytta lokale tenester
- Systematisk samarbeid med næringsliv og frivillig sektor om utvikling av attraktive tettstader og grender.

Kommunen skal arbeida aktivt mot dei vidaregåande skulane i Ryfylke, og organisasjonar som t.d. Rytopp og MOR-prosjektet for å bidra til at bedriftene får tilgang til nok arbeidskraft med rett kompetanse.

### Kommunen skal vera ein samordnar

Kommunen skal bidra til at næringslivet får kontakt med forskings- og innovasjonsmiljø, og at dei får kunnskap og informasjon om tilskotsordningar knytt til forskning og innovasjon.

Kommunen skal saman med næringslivet arbeide mot høgskular og universitet for å marknadsføre Hjelme-land og næringslivet her som ein attraktiv arbeidsstad.

Kommunen kan bidra til å skape tverrfaglege møteplassar for næringslivet.

Kommunen skal leggje til rette for kopling mellom næringsliv og kompetanseinstitusjonar.



*Foto: Viganeset Servicesenter AS*